

B-2



KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Kulturminnevern og museum - Kultur- og idrettsavd

VEDLEGG NR. 4

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 12.12.2014
Vår ref.: 2014/19994-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Vatne gnr 170 bnr 4 - tilkomstveg til nytt våningshus - tilbakemelding etter synfaring

Vi syner til tidlegare korrespondanse vedrørende søknad om dispensasjon for nytt hus og tilkomstveg på Vatne gnr 170 bnr 4, seinast brev frå Lindås kommune datert 14.08.14. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune rådde i brev datert 10.12.2013 i frå omsøkte tilkomstveg på grunn av nærføring til eit automatisk freda kulturminne som ligg nær eksisterande tun på garden (Askeladden-id 55192). Lindås kommune har bedt tiltakshavar gå i dialog med fylkeskommunen for å vurdere ein ny trasè for tilkomst.

Bautasteinar Askeladden-id 55192

Tiltakshavar tok hausten 2014 kontakt med Hordaland fylkeskommune, og det vart gjennomført ei synfaring på staden 11.12.14 med tiltakshavar og arkeolog frå fylkeskommunen. Den automatisk freda bautasteinslokalteten ligg oppå ein morenerygg like sør for eksisterande tun. Det er bratt helling på begge sider av ryggen, og slik få moglegheiter for tilkomst med traktor. Per i dag blir det køyrt med traktor langs ryggen, svært nær den automatisk freda lokaliteten. Vi forstår tiltakshavar slik at det skal takast ut skog på toppen av ryggen i nær framtid, slik at køyringa vil bli intensivert. Dette vil medføre ytterlegare slitasje i markoverflata, noko som både vil framstå skjemmaende for bautasteinane, samt medføre fare for skade lokaliteten.

Per i dag er det ein stopple for straum eller telefon inne på den automatisk freda lokaliteten. Stolpen har ei svært skjemmaende plassering. Vi føreset at denne ikkje skal nyttast til framføring av straum eller telefon til nytt hus, då dette vil medføre ytterlegare skjemming og fare for skade på det automatisk freda kulturminnet. Vi ber vidare om at plan for vatn og avløp til nytt hus blir lagt fram for Hordaland fylkeskommune når dette føreligg. Området rundt det automatisk freda kulturminnet må elles haldast ryddig.

Vegtrasè

Den nye vegtrasèen ligg nær kulturminnelokaliteten (om lag 6 meter frå sikringssona på det nærmaste), og er plassert nede i hellinga på vestsida av ryggen før den førast opp på ryggen lenger bort frå kulturminnet enn kva som er tilfelle i dag. Sjølv om eit nytt moderne inngrep så nær kulturminnet vil ha ein viss skjemmaende effekt, finn vi å kunne tilrå dette alternativet framfor fortsatt køyring i den eksisterande traktortrasèen. Tilråding til ny vegtrasè føreset at køyring langs ryggen slik som i dag opphøyrer, og at berre den nye vegen blir nytta til alle former for tilkomst til området. På grunn av topografien på staden kan vi ikkje sjå at det finst andre realistiske eller betre stader kor ny tilkomst kan opparbeidast. Vidare forstår vi at ein tidlegare òg har vurdert andre plasseringar av huset.



Parkeringsplass

Det er teikna inn ein parkeringsplass som ligg nær det automatisk freda kulturminnet, med tanke på formidling av kulturminnet. Parkeringsplassen er ikkje naudsynt for bruken av vegen, og ligg slik den er teikna inn no svært nær kulturminnet. Det er eit mål å unngå meir inngrep enn strengt tatt naudsynt så nær bautasteinslokalteten, og parkeringsplassen må såleis takast ut. Bautasteinane er per i dag ikkje på Hordaland fylkeskommune si liste over prioriterte kulturminne for skjøtsel og formidling (BARK-lista). Dersom det er ønskjeleg frå kommunen si side, kan vi vurdere å inkludere lokaliteten på lista. Form og omfang av tilrettelegging må i så fall drøftast nærare.

Arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova

Delar av arealet kor det er planlagt ny vegtrasè har potensiale for funn av nye automatisk kulturminne, på grunn av nærleiken til bautasteinslokalteten. Dette kan til dømes dreie seg om spor etter førhistorisk dyrking, busetnad, eller anna. Vi finn det såleis naudsynt å gjennomføre ei mindre arkeologisk registrering for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne i vegtrasèen. Registreringa kan først gjennomførast sein vinter/vår 2015, og vil ha eit arbeidsomfang på 1-2 dagar i felt. Då tiltaket er av mindre privat karakter vil Hordaland fylkeskommune dekke kostnader til arkeologisk registrering. Vi gjer merksam på at dersom registreringa skulle påvise funn av nye automatisk freda kulturminne, kan det vere naudsynt å leggje fram saka for Riksantikvaren som dispensasjonsmyndede etter kulturminnelova.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune finn å kunne tilrå planlagt vegtrasè slik den er innteikna på kart vedlagt søknad datert 20.11.13, då det ikkje finst alternativt tilkomstmoglegheiter til nytt hus og for uttak av skog. Den innteikna parkeringsplassen må takast ut. Når ny veg er anlagt, føreset vi at berre den nye vegen nyttast til alle former for tilkomst til området.

Vi ber vidare om at planar for tilkobling av nytt hus til vatn/avløp, straum og liknande blir førelagt Hordaland fylkeskommune når slike ligg føre. Vi vil oppmode om at infrastruktur i størst mogleg grad blir planlagt nedgravd i samband med anlegging av tilkomstveg til huset.

Det er naudsynt å gjere ei arkeologisk registrering i nedre del av vegtrasèen for å oppfylle § 9 i kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune vil ta kontakt og avtale nærare tidspunkt for registrering. Undersøkinga vil bli gjennomført med gravemaskin så tidleg som råd i 2015.

Dersom det er spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og Idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72, Heidi.Handeland@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jan Ole Seim

B-3



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk drift

VEDLEGG NR. 5

Jan Ole Seim
Vardane 119
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3250 - 15/28948

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2015

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 170/4 - Vatne

Teknisk drift syner til brev datert 06.09.2015 vedkomande søknad om avkjørsle frå kommunal veg for 2 bueingar i delingssak – gbnr 170/4.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 2 bustadeining på følgjande villkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikte, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Den private vegen kan enkelte stader verte noe bratt. Frå kommunal veg og 50 m inn på privat veg skal maks stigning være 1:8 (12.5% jf, forskrift om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg). Vi anbefalar ikkje større stigning enn dette. Dette for å sikre at kjøretøy kjem seg fram til bustad vinterstid. Dersom det ikkje let seg gjere å etablere heile vegen med denne stigninga, vil vi anbefale at det vert etablert parkeringsareal for bustadtomt langs privat veg.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no
- Ei føresetnad for løyve til avkjørsle er at det vert gitt bygge- og delingsløyve for ny bustadtomt.

Post
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eige løyve frå byggesak. Er arbeid med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort (jf Veglova §40).

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Johannes Seim

Vatne 15

5912

SEIM

Lindås kommune ved delingssak


Lindås kommune ved vegdrift

Mottakarar:
Jan Ole Seim

Vardane 119

5911

ALVERSUND



<ul style="list-style-type: none"> — Målte Grenser — Registrerte Grenser — Udflytters grenser 1 Terrenghøitets grense ⊙ Konstruert grensepunkt ■ Bolig ■ Bustad m/teifligheit ■ Våningshus 	<ul style="list-style-type: none"> ■ Storro bustader ■ Hytte/feriehús ■ Gårdsfeilhus ■ Industribygger ■ Andre bygg 	 <p>Lindås kommune Geodala avdeling</p>	<p>N</p>  <p>Målestokk 1:1000</p>
<p>Bellagenhet og høydér må oppfallas som oriéhterénde.</p>			